



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 23.04.2026
Vår ref: 25/06703-7
Dykkar ref:

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Høring av søknad om driftskonsesjon for Knapphus i Vindafjord kommune. Tiltakshavar: Ottar Skjold Maskin AS

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegna kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i samsvar med plan- og bygningslova. Ved vurderinga av søknad om driftskonsesjon etter minerallova vil eventuelle utsegner knytt til arealavklaringa difor ikkje bli vektlagde.

Høyringsfrist: 25. mai 2026

Høyringsfråsegnene skal sendast til e-post: post@dirmin.no eller med ordinær post til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim.

Heimelshavarar til nærliggjande eigedommar av uttaket mottar høyringsbrevet, men blir skjerma frå mottakarlista, jf. personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR) art. 5.

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [Saker til høyring | Direktoratet for Mineralforvaltning \(dirmin.no\)](#).

Samandrag av søknaden

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43 frå Ottar Skjold Maskin AS med org. nr. 985 792 852, for uttak på del av gbnr. 119/44 i Vindafjord kommune.



Areal det er søkt om er på ca. 66 daa og kjem fram av kart som er ein del av høyringsvedlegga. Det er anslått eit årleg uttak av byggjeråstoff på om lag 50 000 m³ og totalt uttak på om lag 535 000 m³. Området er regulert til *næringsbebyggelse* i plan «Detaljregulering for Knapphus næringsområde» med planID 1160_1160-98-12. Opphavelig reguleringsplan vart vedteke 15.12.1998, den gang med eit område regulert til steinbrot. Reguleringsplanen ble vedteke med endring 10.12.2024, der blant anna føremålet steinbrot vart omregulert til næringsbebyggelse. I samsvar med reguleringsføresegn punkt 9 kan det ved byggjemodning av området drivast uttak av stein- og fjellmassar med tilhøyrande verksemd om sprenging, knusing, sortering og liknande. Det har tidlegare vore drift i uttaket og driftsplan skildrar at det har vore bergverksverksemd her sia 1980-talet.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Føremålet med minerallova er å fremja og sikra samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ er konsesjonspliktige.

Konsesjonssøknaden blir avgjort etter ei skjønnsmessig vurdering der DMF, i tillegg til lovkravet om bergfagleg forsvarleg drift, også vurderer tiltakets:

- betydning for verdiskaping og næringsutvikling
- innverknad på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- innverknad på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- miljømessige konsekvensar
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Forventingar til høyringsfråsegnene

Private interessentar kan kome med innspel til relevante forhold som bør takast omsyn til i den aktuelle saka. Dersom grunneigarar av det omsøkte konsesjonsområdet har innvendingar, ber vi om tilbakemelding på dette.

Offentlege etatar blir bedne om å vurdere, ut frå eige ansvarsområde, om det finst forhold som tilseier at driftskonsesjon ikkje bør innvilgast, eller om det eventuelt bør stillast vilkår om avbøtande tiltak. Dersom det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg belyste i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

I denne samanhengen viser vi særskilt til vår gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget så langt for følgjande omsyn:

Kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova, sjå høyringsvedlegget side 12-14. Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle myndigheitsinstansar som fattar avgjerder med verknad for naturen, å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12.

DMF har gjort søk i Økologisk grunnkart, Naturbase kart, Artsdatabanken og Vann-Nett den 22.04.2026. DMF har òg henta inn kunnskap frå reguleringsplanen sin planskildding, samt driftsplan. Konsekvensutgreiing ligg ikkje føre. Vi har fått følgjande treff av betydning for vurderingane etter naturmangfaldlova:

Raudlista artar:

- Piggsvin (nær trua). Funndato: 17.06.2013



Ifølgje Artsdatabanken er det i tilknytning til Vatsvatnet registrert funn av fleire raudlista artar, blant anna vipe (kritisk trua) og hettemåke (kritisk trua). Influensområde til artane grenser til randsona til uttaket.

Svartelista artar:

- Parkslirekne (svært høg risiko). Funndato. 23.06.2011
- Platanlønn (svært høg risiko). Funndato: 04.06.2018

Området er omfatta av maskerte kart for sensitive artsdata for rovfugl. Me gjer Statsforvaltaren særleg merksam på at DMF berre har tilgang på maskerte kart for sensitive artar.

Planskildringa legg til grunn at det ikkje er registrert særlege naturverdiar innanfor planområdet i relevante kartbasar, og at det heller ikkje er kjende naturverdiar knytte til området. Det blir vidare vist til at området i dag er prega av omfattande næringsverksemd, og at store delar av arealet allereie er planert. Planomtalen konkluderer òg med at naturmangfaldet i liten grad vil bli påverka av planendringa, og at det ikkje er påvist effektar av tiltaket på trua eller verdifull natur. På dette grunnlaget er det vurdert som ikkje nødvendig å gjere nærare vurderingar etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12. Den framande arten platanlønn er registrert langs fylkesvegen, men vil ikkje bli påverka av reguleringsendringa, mellom anna med omsyn til vidare spreining.

I samsvar med driftsplan tilseier erfaring frå fleire tiår med bergkverksverksemd at aktiviteten ikkje har hatt negativ påverknad på fuglelivet i området.

Vassførekomstar og drikkevasskjelder, sjå høyringsvedlegget side 15-16.

Vassforskrifta gir rammene for fastsetjing av miljømål som skal sikre ei mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane (§1).

Området det er søkt om ligg i nærleiken til to vassførekomstar:

038-2036-L Vatsvatnet (innsjø).

Miljøtilstanden i vassførekomsten er vurdert til å vere dårleg, og miljømålet for innsjøen er god.

028-98-R Vatsvatnet bekkefelt (elv). Miljøtilstand i vassførekomsten er vurdert til å vere moderat, og miljømålet er god.

I samsvar med driftsplan skal dreneringsgrøfter leie vann til sedimentasjonsbasseng og bli reinsa før utslepp til Vatsvatnet. For å handtere støvflukt skal det bli nytta vatning, og eventuelt støvbinding med kalsiumklorid der det synes naudsynt.

Konsekvensane av tiltaket for kulturminne.



DMF har ved søk i kulturminnesøk.no ikkje funne kulturminne som kan verte påverka av uttaket.

Andre varsemdsområde, sjå høyringsvedlegget side 17-19.

- Konesjonsområdet som søk om er omfatta av kart frå NVE som viser varsemdsområde for flaum. Bunnkote for uttaket er k+19 og dette er ifølgje planskildringa valt av omsyn til flaum.
- Det er ei nettanlegg sørvest for uttaket. Områdekonesjonær er Haugaland Kraft Nett AS.
- Uttaket har avkøyrsel frå Fv. 46 (Saudavegen).

Med helsing

Kåre Thorleif Claussen
seniorrådgjevar

Lene Johaug Karlsen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Lene Johaug Karlsen

Mottakarar:
Rogaland fylkeskommune
Statsforvaltaren i Rogaland
Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør
Vindafjord kommune
Mattilsynet
Statens vegvesen
Haugaland Kraft Nett AS
Private mottakere i blindkopi >20

Kopi til:
Ottar Skjold Maskin AS